

## Reglement for godtgjersle til medlemmer av fellesnemnda m.v. Vedteke av fellesnemnda i møte 26.10.17

1. Medlemmer av fellesnemnda får godtgjersle etter følgjande satsar:
  - a. Faste medlemmer
    - i. Fast godtgjersle pr år: 5 % av godtgjersla til stortingsrepresentantar
    - ii. Variabel godtgjersle: 0,2 % av godtgjersla til stortingsrepresentantar pr. møte.
    - iii. Politikarar som har frikjøp tilsvarande 100 % stilling er ikkje omfatta av dette regelverket.
    - iv. Fråver frå meir enn 25 % av møta i løpet av eit år fører til ein reduksjon på 25 % i den faste godtgjersla. Fråver frå meir enn 50% av møta i løpet av eit år fører til ein reduksjon på 50 % i den faste godtgjersla. Fråver frå meir enn 75% av møta i løpet av eit år fører til ein reduksjon på 75% i den faste godtgjersla.
    - v. Eitt år skal reknast frå 01.08 – 31.07.
  - b. Varamedlemmer
    - i. Godtgjersle pr. møte: 0,3 % av godtgjersla til stortingsrepresentantar.
    - ii. Varamedlemmer som møter på 50% eller meir av møta i fellesnemnda, får tilsvarande % av godtgjersle, samt 0,2 % pr. møte i perioden.
  - c. Medlemmer av partssamansett utval: Godtgjersle pr. møte: 0,2 % av godtgjersla til stortingsrepresentantar.
  - d. Medlemmer av andre underutval og arbeidsgrupper: Godtgjersle pr. møte: 0,2 % av godtgjersla til stortingsrepresentantar. Leiar for underutval og arbeidsgrupper får 4 000 kroner pr. møte. Dersom leiar har forfall er det fungerande leiar som får denne godtgjersla.
  - e. Arbeidstakarrepresentantar i utval og arbeidsgrupper får godtgjersle etter eige regelverk.
  - f. Administrative representantar i utval og arbeidsgrupper er ikkje omfatta av dette reglementet.
2. Tap av inntekter for medlemmer av fellesnemnda vert dekt etter følgjande satsar:
  - a. Dokumentert tapt arbeidsforteneste vert dekt fullt ut. Maksimalt beløp som kan erstattast pr møte skal tilsvare dagsløn for fellesnemnda sin leiar.
  - b. Dokumentert/sannsynleggjort tapt arbeidsforteneste for sjølvstendig næringsdrivande vert dekt inntil 4 000 kroner pr. møte.
  - c. Tapt arbeidsforteneste som ikkje kan dokumenterast vert dekt etter søknad. Beløpet må ikkje overstige 2 500 kroner pr. møte.

- d. Erstatning for tapt arbeidsforteneste vert utbetalt påfølgjande måned på same tidspunkt som kommunen utbetalar løn til sine tilsette, fortløpande etter at kravet sendt inn. Tapte arbeidsforteneste skal inkludere feriepengar.
- e. Krav om erstatning for tapt arbeidsforteneste skal meldast inn på eige skjema som er tilgjengeleg på [www.nyealesund.no](http://www.nyealesund.no)

### 3. Utgiftsdekning

- a. Naudsynte utgifter til skyss, kost og overnatting i samband med vervet vert dekt etter statens reiseregulativ.
- b. Dokumenterte og naudsynte utgifter til barnepass og anna tilsyn vert dekt.
- c. Utgiftsdekning vert utbetalt påfølgjande måned på same tidspunkt som kommunen utbetalar løn til sine tilsette, fortløpande etter at kravet sendt inn.
- d. Krav om utgiftsdekning skal meldast inn på eige skjema som er tilgjengeleg på [www.nyealesund.no](http://www.nyealesund.no)

4. Satsane vert justert årleg pr. 01.05. i samsvar med endringar i godtgjersla til stortingsrepresentantar.

5. Godtgjersla vert utbetalt to gonger i året; i juni og i desember.

Godtgjersle til stortingsrepr. er pr. 01.05.17 Jfr. <a href="http://www.stortinget.no">www.stortinget.no</a>	928 602 kroner
5 % av godtgjersla til stortingsrepr. pr. 01.05.17	46 430 kroner
0,3 % utgjer pr. 01.05.17 (gjeld for varamedl.)	2 785 kroner
0,2 % utgjer pr. 01.05.17 (gjeld for andre utval)	1 857 kroner